

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Odd Frydenlund Steen

Dykkar ref.

Vår ref.
20/65-29/LLH

Dato
17.11.2021

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark – melding om oppstart av verneplanprosess – frivillig skogvern på privat grunn – 28 områder i Telemark

Våre merknader til dei einskilte namneforslaga følger nedanfor. Nokre av forslaga synest ikkje å vere dekkande for dei foreslåtte naturreservata, og dette er kommentert nedanfor. Det er viktig å finne dekkande namn som samsvarar med lokalitetane, fordi ein status som naturreservat vil innebære at namna blir nytta, ikkje minst skriftleg.

1. Grønlifjellet, Drangedal kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Grønlifjellet* er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet i Sentralt stadnamnregister (SSR).

2. Krokvannskollen, Drangedal kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Krokvannskollen* er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet i SSR.

3. Sannesnåsa, Drangedal kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Sannesnåsa* er vedtatt skrivemåte for naturnamnet.

4. Finndølajuvet/Finndalstveit, Fyresdal kommune

I kartet på nettsidene til Statsforvaltaren er namnet skrive *Finndalstveit - Finndølajuvet*. Generelt vi vi tilrå å nytte bindeordet *og* i staden for skråstrek eller bindestrek i slike samansette naturreservatnamn.

Når det gjeld dei einskilte namna, har vi ingen merknader til namnet *Finndalstveit*. *Finndalstveit* er tilrådd skrivemåte for gardsnamnet i SSR, og heradsregisteret har registrert uttalen /fin`ndalstveit/. Når det gjeld namnet *Finndølajuvet*, er ikkje dette registrert i SSR eller heradsregisteret. Er dette eit namn som er nytta lokalt? Det einaste vi finn av bruk av namnet,

Postadresse

Postboks 1573 Vik
NO-0118 Oslo

Besøksadresse

Observatoriegata 1 B
NO-0254 Oslo

Sentralbord

+47 22 54 19 50

E-post

post@sprakradet.no
Internett
www.sprakradet.no

Organisasjonsnummer

971 527 404

er i eit dokument som er utarbeidd av BioFokus i samband med verneprosessen (http://lager.biofokus.no/omraadebeskrivelser/Frivilligvern2020_Finndolajuvet_Finndalstveit.pdf), og det gjev grunn til å tru at namnet er konstruert i den samanhengen. Ut frå tilsvarende namn i Fyresdal, ville vi vente forma *Finndølsjuvet* med binde-s, jf. namneparet *Modøl > Modølsåi*. Dersom ikkje namnet *Finndolajuvet* (eller *Finndølsjuvet*) er i allmenn bruk lokalt, vil vi fråstå dette, og Statsforvaltaren bør vurdere om *Finndalstveit* kan nyttast aleine eller saman med eit anna, eksisterande namn.

5. Songedalsnuten, Fyresdal kommune

Vi har ingen merknader til namneforslaget *Songedalsnuten*. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Songedalsnuten* er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet i SSR. I kartet på nettsidene til Statsforvaltaren er namnet skrive *Hovdestøyl - Songedalsnuten*. Dersom begge namna skal nyttast på naturreservatet, tilrår vi å nytte bindeordet og framfor bindestrek: *Hovdestøyl og Songedalsnuten*.

6. Kleppefjell naturreservat (utviding), Hjartdal kommune

Det utvida området dekkjer mykje meir enn berre Kleppefjell. Statsforvaltaren bør finne ut om det finst andre namn som ville vere meir dekkjande her.

7. Svartejuv-Vestfjellet, Hjartdal kommune

Namnet *Vestfjellet* er ikkje registrert i SSR eller heradsregisteret. Er dette eit namn som er kjent og nytta lokalt? Viss ikkje, bør Statsforvaltaren finne eit anna namn, eller nytte berre *Svartejuv* som namn på naturreservatet. Dersom naturreservatet skal ha eit dobbelnamn, tilrår vi å nytte bindeordet og framfor bindestrek.

8. Tårånli, Kviteseid kommune

Ingen merknader til skrivemåten (*Tårånli* er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet i SSR), men ut frå kartet ser det ut til at Tårånli berre er ein liten del av det foreslåtte verneområdet. Statsforvaltaren bør finne ut om det finst andre namn som ville vere meir dekkjande her.

9. Stavsholtmyrane naturreservat (utviding), Midt-Telemark kommune

Vi har ingen merknader til at namnet *Stavsholtmyrane naturreservat* blir vidareført som namn på det utvida verneområdet. Vi gjer merksam på at namnet på det eksisterande naturreservatet ikkje er registrert i SSR.

10. Gongefjell, Nome kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Gongefjell* er tilrådd skrivemåte for naturnamnet i SSR.

11. Husefjell, Nome kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Husefjell* er tilrådd skrivemåte for naturnamnet i SSR.

12. Linfjell-Lubergfjell, Nome kommune

I kartet på nettsidene til Statsforvaltaren er namnet skrive *Linfjell - Luberg*. Generelt vi vi tilrå å nytte bindeordet *og* i staden for skråstrek eller bindestrek i slike samansette naturreservatnamn. Når det gjeld dei einskilde namna, er det *Linfjell* og *Luberg* som er tilrådde namn i SSR. Vi tilrår difor skrivemåten **Linfjell og Luberg** for namnet på naturreservatet.

13. Meheifjellet, Nome kommune

Ifølgje kartet i SSR ligg åsen Meheifjellet utanfor det foreslåtte naturreservatet, men det foreslåtte området dekker mesteparten av Meheia. Vi tilrår difor **Meheia** som namn på dette naturreservatet.

14. Sauåsen, Nome kommune

I kartet på nettsidene til Statsforvaltaren er namnet skrive *Sauåsen - Suggås*. I SSR har det første namnet tilrådd skrivemåte *Sauås*, medan det andre namnet har *Suggeås* som einaste godkjente skrivemåte. Vi tilrår difor skrivemåten **Sauås** for namnet på naturreservatet, alternativt **Sauås og Suggeås** dersom begge namna skal nyttast.

15. Svarteputt, Nome kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Svarteputt* er tilrådd skrivemåte for naturnamnet i SSR.

16. Værstadvfjellet, Nome kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Værstadvfjellet* er tilrådd skrivemåte for naturnamnet i SSR.

17. Hyttedokkåsen, Notodden kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Hyttedokkåsen* er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet i SSR.

18. Skitnebufjellet, Notodden kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Skitnebufjellet* er vedtatt skrivemåte for naturnamnet.

19. Tellerud-Øysteinustul, Notodden kommune

I kartet på nettsidene til Statsforvaltaren er namnet skrive *Tellerud-Øysteinustulåsen*. Både Tellerud, Øysteinustul og mesteparten av Øysteinustulåsen ligg utanfor det foreslåtte verneområdet. Dette er dessutan eit ganske lite område, så kanskje det ikkje er naudsynt med eit dobbeltnamn her? Kunne *Bjønndalsmyra* eller *Høymyrvatnet* vere alternative namn på dette naturreservatet?

20. Tinnegrend, Notodden kommune

Ingen merknader til skrivemåten (*Tinnegrend* er tilrådd skrivemåte for stasjonsnamnet), men ut frå kartet ser det ut til at *Ramberg* kunne vere eit vel så bra namn på dette naturreservatet.

21. Flata, Porsgrunn kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Flata* er einaste godkjente skrivemåte for busetjingsplassnamnet i SSR.

22. Hanakne, Porsgrunn kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Hanakne* er tilrådd skrivemåte for naturnamnet i SSR.

23. Stjernås, Porsgrunn kommune

Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, men det er gjort vedtak om skrivemåten *Stjernesås* for namnet på åsen. Namnet på naturreservatet må dermed skrivast **Stjernesås**, jf. § 11 første ledd i stadnamnlova.

24. Viersdalen, Porsgrunn kommune

Ingen merknader. Garden Viersdalen (einaste godkjente skrivemåte) ligg utanfor sjølve verneområdet, men ut frå kartet ser det ikkje ut til å vere andre, meir dekkande namn som kunne høve her.

25. Bjønneholun, Seljord kommune

Ingen merknader. Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, og *Bjønneholun* er einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet i SSR.

26. Hønsegjuvet, Seljord kommune

Namnet høver på det foreslåtte verneområdet, men skrivemåten *-gjuvet* er ikkje i samsvar med gjeldande rettskriving. Vi har difor bedt Kartverket om å reise namnesak på dette naturnamnet for å få fastsatt rett skrivemåte. Statsforvaltaren må vente til det er gjort vedtak om skrivemåten av naturnamnet før skrivemåten av namnet på naturreservatet kan bli endeleg fastsett.

27. Hovdestul, Tinn kommune

Ingen merknader til skrivemåten, men det ser ut til at setra Hovdestul ligg akkurat utanfor det foreslåtte verneområdet. Statsforvaltaren bør difor vurdere om det finst eit anna namn som vil vere meir dekkande for området.

28. Modalen, Tokke kommune

Ingen merknader til skrivemåten, men ut frå kartet i SSR er det vanskeleg å sjå kva for utstrekning naturnamnet *Modalen* har. Det finst òg eit adressenamn *Modalen* her, men det strekk seg langt nord for verneområdet opp til Mosvatn, altså i ei anna retning enn det

foreslåtte verneområdet. Statsforvaltaren bør difor forsikre seg om at det blir rett å nytte namnet *Modalen* på dette verneområdet.

Vennleg helsing

Rune Røstad
namnekonsulent

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Line Lysaker Heinesen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Statsforvalteren i Vestfold og
Telemark

Kopi til:

Rune Røstad